

FRAMLEGG TIL RETNINGSLINJER FOR UNGDOMSRÅD I SOGN OG FJORDANE

Dette dokumentet er utarbeida av Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane, etter mynde frå fylkesting for ungdom, mars 2014. "Fylkesting for ungdom meiner at Ungdomspolitisk utval må utarbeide retningslinjer for oppbyggjinga av ungdomsråda, og for oppgåvene deira". Vidare er dette sak nr. 17/14 i utvalet sine eigne arkiv. I dette dokumentet finn ein utvalet si tolking og meining i høve start og drift av ungdomsråda. Det er opp til kommunane sjølv å avgjere i kva grad dei ynskjer å nytte desse retningslinjene.

Del 1: Start av ungdomsråd som har lege nede eller ikkje eksistert.

1) Val av ungdomsråd

Det må veljast representantar til ungdomsrådet på eit vis som er tilpassa den kommunen det gjeld. Eit døme kan vere å gjennomføre valet samleis som ved kommuneval.

Utvalet meiner at alle som ynskjer det skal ha høve til å stille til val, og førast opp på listene over namn det skal røystast over. Listene og valet bør ikkje vere direkte knytte opp mot andre organ som elevråd eller liknande.

Vala bør vere hemmelege og skriftlege.

Alle ungdomar bør gjerast kjende med kva eit ungdomsråd er, grunnleggjande oppgåver, korleis ein melder seg på og korleis ein røyster.

2) Representantar

Kor mange representantar ein skal vere i ungdomsrådet er heilt avhengig av storleiken til kommunen og særleg talet på skular.

Ein bør sikre god geografisk spreing og representantar frå alle ungdomsskular og den vidaregåande skulen, i dei kommunane det finst ein vidaregåande skule.

Ungdom som er busette i kommunen, jamvel om dei ikkje har folkeregistrert adresse i denne kommunen, bør få høve til å stille og røyste ved val.

Alle ungdomsråda bør ha ein leiar og ein nestleiar. Dei kommunane som ikkje har ein kommunalt tilsett referent eller sekretær, bør peike ut ein til å ta dette vervet.

Utvalet meiner at kommunane sjølv må avgjere i kva grad dei ynskjer at frie lister, anten dei er frå politiske parti eller ideelle organisasjonar, skal vere med i ungdomsrådet.

Alle representantane bør veljast for to år.

Del 2: Drift av ungdomsråd

1) Førebuing av saker

Alle vaksne politikarar og administrativt tilsette i kommunen vert oppmoda om å melde inn saker for handsaming i ungdomsrådet, dersom dei finn dette føremålstenleg.

Leiar, nestleiar og sekretær har eit særleg ansvar for å finne saker for handsaming i ungdomsrådet.

Ungdomsråd med ein viss storleik bør setje ned eit arbeidsutval som klargjer sakene før møta i ungdomsrådet. Dette utvalet kan òg ha ansvar for å fylgje opp vedtaka i etterkant av møta.

2) Saksdokument

Saksdokumenta må sendast ut til representantane og varamedlemane i god tid på førehand. Dei må seinast vere representantane i hende tre dagar før møtet.

Dokumenta bør sendast ut pr. e-post, eller pr. post for dei som ynskjer dette.

3) Innkalling

Det skal kallast skriftleg inn til møte, minimum åtte dagar på førehand. Saklista skal vere med i innkallinga.

Saklista skal vere nummerert gjennom året.

4) Møteleiing

Møtet bør verte leia av leiaren, og av nestleiar dersom han ikkje er til stades.

5) Møteplikt

Medlemane har plikt til å ta del i ungdomsrådet sine møter og arbeid, om dei ikkje har gyldig grunn til fråfall. Fråfall skal meldast inn til leiar eller sekretær i god tid før møtet. Etter at møtet er sett kan medlemane ikkje gå frå møtet utan å melde frå til møteleiar på førehand. Ungdomsrådet bør ta stilling til kva som er gyldig fråfall.

Dersom ein representant gjentekne gongar ikkje møter, utan rimeleg grunn til fråfall, skal ein vurdere om han framleis skal ha vervet. Dette gjeld òg dersom ein representant gjentekne gongar ikkje gjer arbeidsoppgåvene sine.

6) Referat

Det skal skrivast referat frå møta i ungdomsrådet. Dette skal sendast til faste medlemar, varamedlemar, politisk leiing og andre som bør gjerast kjende med innhaldet, innan rimeleg tid.

Referatet bør arkiverast i kommunen sitt sakssystem.

Utvalet oppmodar om at referat vert sendt til Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane.

Referatet bør skrivast av sekretær eller den kommunalt tilsette i ungdomsrådet.

7) Ugildskap

For medlemane i ungdomsrådet gjeld reglane i forvaltningsloven, lov av 10. feb. 1967, kapittel 2, og kommuneloven, lov av 25. sep. 1992 nr.107, § 40 nr. 3. Dersom ein representant er ugild, skal han ikkje vere med å handsame saka, og skal gå frå møtet dersom det er lukka.

Ved ugildskap skal det ikkje kallast inn vararepresentant.

Medlemar som er fritekne frå å delta i handsaminga av ei sak, ut frå personlege grunnar, jf. kommuneloven § 40 nr. 4, deltek ikkje i handsaminga av saka.

8) Tid for møte

Ungdomsrådet avgjer sjølv om dei ynskjer å leggje møtet i eller etter skuletida. Dette kan vere lurt å diskutere på fyrste møte. Om møtet vert lagt i skuletida får elevane politisk fråvær.

Så godt det let seg gjere med transport, tilrår vi å leggje møta etter skuletid.

9) Rettar

Ungdomsrådet bør ha møterett og talerett i by- eller kommunestyret. Utvalet tilrår at det sit ein fast representant frå ungdomsrådet i kvart utval i kommunen. I tillegg bør det sitje ein fast representant i kommunale styre og arbeidsgrupper, der kommunen finn dette føremålstenleg.

Innkalling, sakliste, sakspapir og referat frå by- eller kommunestyret bør verte sendt til leiar i ungdomsrådet.

Dersom framstillinga av relevante saker er vanskeleg, anten på grunn av språk eller tekstmengd, bør ein representant frå kommunen leggje fram saka for ungdomsrådet i god tid før møtet.

10) Framleggsrett

Ungdomsrådet bør ha framleggsrett i relevante saker som skal verte handsama i by- eller kommunestyret.

11)Røysting

Alle framømte medlemmar har røysterett i alle saker, men ikkje dersom dei er ugilde. Dette gjeld òg vara som er kalla inn for ein fast medlem som har meldt fråfall. Dersom talet på røysteføre delegatar er eit partal, og saka ikkje vert avgjort ved røystinga, har leiar dobbel røyst.

To tredelar av representantane må vere til stades for at ungdomsrådet skal vere vedtaksdyktig.

Observatørar har ikkje røysterett.

12)Møtegodtgjersle

Kommunen avgjer sjølv i kva grad dei finn dette føremålstenleg.

13)Vararepresentantar

Det bør vere like mange vararepresentantar som det er faste representantar i ungdomsrådet. Om ein representant i ungdomsrådet melder fråfall, skal vara kallast inn snarast råd.

Dersom ein ser det føremålstenleg at vararepresentantar stiller på møtet, kan desse kallast inn i tillegg til ordinære representantar.

14)Fylkessting for ungdom

Representantar frå ungdomsrådet skal delta på fylkesting for ungdom.

15)Utgifter

Alle økonomiske utgifter representantane har , i samband med ungdomsrådet og andre oppgåver tilknytt rådet, skal dekkjast av kommunen eller eksterne stønadsordningar.

Definisjonar:

- Ungdom: elevar i ungdomsskulen, elevar i vidaregåande skule og personar mellom 13 til og med 23 år.
- Frie lister: lister med fem personar som ynskjer å vere med i ungdomsrådet
- Døme på gyldig fråvær: skulearbeid, sjukdom, særskilde personlege eller lokale tilhøve.
- Døme på ugildskap: «Ungdomens kulturpris» skal delast ut, og ein av medlemane er sysken til ein av dei nominerte, vedkommande medlem er ugild (kan ikkje vere med å handsame eller røyste over saka). (Dette er eitt av mange mogelege døme).

Adresse UPU:

Ungdomspolitisk utval
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga
Pb. 173
6801 FØRDE
postmottak.kultur@sfj.no

for Ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane



Dag Henrik Nygård
fungerande leiar
Sandane, 4. oktober 2014